

Vedlegg 2

Konsekvensar av hovudutval for samferdsle sitt vedtak i HS-sak 41/16

1. Politiske vedtak knytt til innsparingar på samferdslesektoren

I behandlinga av Arbeidsdokument 4/16 pkt. 6.1 vedtok Finansutvalet følgjande oppfølgingspunkt:

Finansutvalet ber om at dei økonomiske konsekvensane av hovudutval for samferdsle sitt vedtak i sak 41/16 knytt til innsparingskrav/ - tiltak vert lagt fram for finansutvalet.

I behandlinga av HS-sak 41/16 gjorde hovudutval for samferdsle følgjande vedtak:

Hovudutval for samferdsle syner til innsparingskrava i samferdslesektoren. Tiltak på nivå 1 kan gjennomførast innanfor ei ramme på 23,9 mill. kr, jf. tabell i HS-sak 40/16. Tiltak på nivå 2 og 3 har så store negative konsekvensar for tryggleik, tilgjengelegheit, vegservice og miljø at hovudutvalet vil frarå at desse innsparingstiltaka blir gjennomført. Ramma til samferdsle må hevast tilsvarande.

Innsparingskravet som ligg på samferdslesektoren som følgje av vedtak i fylkestinget i FT-sak 26/15 og 26/16 er som følgjer:

Utgreiing	Samferdsle	Vedtak i FT år	2016	2017	2018	2019	2020
	Kortsiktig tiltak	V-2015		-45			
#39	Sognebåten	V-2015	-4,8	-4,1	-4,1	-4,1	-4,1
#46	Vinterstenging av vegar	V-2015			-3	-3	-3
#43	Terminalar og venterom	V-2015			-0,2	-0,2	-0,2
#44	FTU-tiltak	V-2015			-2,2	-2,2	-2,2
#40	Ungdomstilbod	V-2015			-2,3	-2,3	-2,3
#38	Bilruter	V-2015		-0,8	-10,2	-14,9	-14,9
#39	Kollektiv båt	V-2015			-4,5	-6,7	-6,7
#41	Ferjesamband	V-2015			-4	-6	-6
#45	Driftsstandard på fylkesvegnettet	V-2016			-1,8	-6,6	-9,1
	Uspesifisert innsparingskrav	V-2016			-2,2	-7,6	-6,9
	Sum innsparingar på sektor		-4,8	-49,9	-34,5	-53,6	-55,4

Ut frå hovudutvalet for samferdsle si tilråding kan det gjennomførast følgjande innsparingar:

Utgreiing	Samferdsle	2016	2017	2018	2019	2020
	Kortsiktig tiltak		-45			
#39	Sognebåten	-4,8	-4,1	-4,1	-4,1	-4,1
#46	Vinterstenging av vegar			-1,7	-1,7	-1,7
#43	Terminalar og venterom			0	0	0
#44	FTU-tiltak			0	0	0
#40	Ungdomstilbod			0	0	0
#38	Bilruter		-0,8	-14,8	-14,8	-14,8
#39	Kollektiv båt			-2,3	-2,3	-2,3
#41	Ferjesamband			-1	-1	-1
#45	Driftsstandard på fylkesvegnettet			0	0	0
	Uspesifisert innsparingskrav			0	0	0
	Sum innsparingar på sektor	-4,8	-49,9	-23,9	-23,9	-23,9

2. Gjennomgang av innsparingstiltaka på samferdslesektoren

I det følgjande vert det gjeve ei nærare oversikt over endringane som er tilrådd av hovudutvalet for samferdsle sett i høve til innsparingsvedtak i fylkestinget.

Det er også gitt ein status på tiltak som er gjennomført eller tilrådt igangsett i rutekjøpsaka til hovudutvalet for samferdsle i oktober.

Utgreiing #39 Sognebåten

Det var berekna eit innsparingspotensiale på 4,8 mill. kr. ved å setje inn ein mindre båt på ruta mellom Sogndal og Bergen

Frå 1. mai 2015 vart det sett inn mindre fartøy på Sognebåten. Grunna mange klager på for dårleg komfort og kapasitet er denne seinare oppgradert til ein litt større båt.

Det er realisert ei innsparing på 4,1 mill. kr. Det attståande innsparingskravet på ca. 0,8 mill. er flytta over til #38 Bilruter.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2017)
Mindre båt på Sognebåten	4,1	4,1	4,1

Utgreiing #46 Vinterstenging av vegar

Det er førebels ikkje sett i verk tiltak knytt til vinterstenging av vegar. Hovudutvalet tilrår innsparingar på 1,7 mill. kr.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2018)
Utvida stengingsperiode Fv. 92 Bjordal – Matre		0,5	0,5
Utvida stengingsperiode Fv. 243 Aurlandsfjellet		0,5	0,5
Utvida stengingsperiode Fv. 258 Gamle Strynefjellsveg		0,1	0,1
Slutte med kollonnekøyning på fv. 50 Aurland – Hol		0,6	0,6
Utvida stengingsperiode Fv. 13 Gaularfjellet		Nivå 2	0,3
Utvida stengingsperiode Fv. 55 Sognefjellet		Nivå 2	0,3
Vinterstenge Fv. 93 Vadheim – Guddal		Nivå 3	0,3
Vinterstenge Fv. 665 Heggjabygda – Møre grense		Nivå 3	0,3
Vinterstenge Fv. 720 Erdal-Hjelle		Nivå 3	0,1
Sum	0,0	1,7	3,0

Utgreiing #43 Terminalar og venterom

Hovudutvalet tilrår ikkje innsparingar på dette området.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2018)
Stenge mindre brukte venterom		Nivå 2	0,1
Korte ned opningstidene på venterom og toalett der dette kan redusere kostnader		Nivå 2	0,1
Sum	0,0	0,0	0,2

Utgreiing #44 FTU-tiltak

Hovudutvalet tilrår ikkje innsparingar på dette området.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2018)
Reduksjon i tilskott til trafikktryggingstiltak i kommunane (FTU)		Nivå 2	2,0
Reduksjon i tilskott til trafikktryggingmidlar (FTU)		Nivå 2	0,2
Sum	0,0	0,0	2,2

Utgreiing #40 Ungdomstilbod

Hovudutvalet tilrår ikkje innsparingar på dette området.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2018)
Trygt heim for en 50 lapp - Auke prisen til 100 kroner for dei under 30 år og til 200 kroner for dei som er over 30 år		Nivå 2	0,3
Auke prisen på ungdomskortet frå kr 380 til kr 450		Nivå 2	0,8
Trygt heim for en 50 lapp - Ta vekk ruter som er lite brukt		Nivå 2	0,2
Legge ned ordninga med overføring av LTU midlar til kommunane		Nivå 2	1,0
Sum	0,0	0,0	2,3

Utgreiing #38 Bilruter

Hovudutvalet tilrådde i HS-sak 40/16 ei innsparing på 14,8 mill. kr, om lag på same nivå som fylkestinget sitt vedekne innsparingskrav.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2019)
Optimalisering av skulerutene	1,5	1,5	1,5
Samordning av skuleskyss med færre vogner i bruk	1,0	1,0	1,0
Legge ned/om bygderuter med få reisande	3,4	4,0	2,0
Legge ned/om tilførselsruter med få reisande	1,5	1,5	2,0
Reduksjon i frekvens og færre rutedagar på ruter med lite passasjerar på regionale ruter	1,7	2,0	3,0
Legge ned fylkeskommunale fylkeskryssande avgangar	3,0	3,0	2,5
Årleg ekstraordinær takstauke på 1%	1,2	1,8	2,1
Reduksjon i innsparingskrav Sognebåten overført til buss			0,8
Sum	13,3	14,8	14,9

Utgreiing #39 Kollektiv båt

Hovudutvalet tilrådde i HS-sak 40/16 ei innsparing på 2,3 mill. kr. I sak om kjøp av rutetenester 2017 til hovudutvalet for samferdsle i oktober er det lagt opp til høgare inntekter knytt til takstauke en tidlegare lagt til grunn.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2019)
Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	0,8	0,8	1,0
Årleg ekstraordinær takstauke på 1%	2,0	1,5	1,5
Ta vekk skuleskyss mellom Hardbakke og Mjømna/Austrheim for vgs elevar frå Solund		Nivå 2	2,0
Redusere rutetilbodet til minimums-nivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med litt fleire fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.		Nivå 2	1,0
Redusere tal avgangar pr. veke frå 3 til 2 med godsåten		Nivå 2	1,0
Urealisert innsparingskrav opphaveleg knytt til tiltak på Sognebåten - avrundingsfeil			0,2
Sum	2,8	2,3	6,7

Utgreiing #41 Ferjesamband

Hovudutvalet tilrår ei innsparing på 1 mill. kr knytt til å flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone. Ved ei slik flytting vil persontaksten auke med 1-2 kroner, personbiltakstane med 6-7 kroner og prisen på vogntog med 20-26 kroner pr. takstsone - alle prisar før rabatt.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2019)
Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone		1,0	1,0
Ta vekk 1 rundtur midt på dag på samband med høg frekvens og lite trafikk		Nivå 2	1,0
Legge ned Fure ferjekai		Nivå 2	2,0
Ta vekk 1 rundtur midt på dag på fleire samband med høg frekvens og lite trafikk		Nivå 2	1,0
Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone til		Nivå 2	1,0
Sum	0,0	1,0	6,0

Utgreiing #45 Driftsstandard på fylkesvegnettet

Hovudutvalet tilrår ikkje innsparingar på dette området. Skilnaden mellom sum innsparing i tabellen og innsparingskravet frå fylkestinget er knytt til når det er mogleg å fase inn tiltaka i driftskontraktane.

Tiltak	Gjennomført 2016 og tilrådt igangsett 2017-2018	Tilråding frå HS i sak 40/16	Vedtak i FT om innsparing (frå 2023)
Større utskifting av stikkrenner vert teke ut av kontrakten		Nivå 3	3,4
Øydelagde eller manglande kantstolpar blir ikkje erstatta. Entreprenørane skal sette opp brøytestikker på stader og i tidsrom dei meiner dei treng det for å brøyte forsvarleg.		Nivå 3	2,5
Rasteplassar og toalett blir stengde; bord og bossdunkar skal takast vekk og plassane blir stengde. Venterom blir stengde. Øydelagde leskur med belysning og inventar blir ikkje reparerte. Tagging blir ikkje fjerna		Nivå 3	8,9
Fjellovergangane på fv. 50 og fv. 53 skal vera stengde om natta mellom kl. 21:00 og 10:00		Nivå 3	0,8
Sum	0,0	0,0	15,6

3. Andre innsparingar som ikkje er omfatta av tiltak knytt til SFJ 2019

Bussanbod

Kostnadane innanfor kollektivområdet har gått ned. Det er fleire grunnar til det. I dette avsnittet gjer vi greie for varige endringar som ikkje skuldast periodiske svingingar i t.d. oljepris, skuleskysst og gjennomførte rutekutt.

Når vi skal samanlikne prisnivået etter anbod med nivået i tidlegare avtalar er det fleire faktorar som påverkar:

Omfang av kjøpet

- Fleire fylkeskryssande ruter er teke ut, då desse har blitt kommersielle
- All ruteproduksjon er organisert på nytt, noko som har gitt ein meir rasjonell produksjon (timar, kilometer og vogner)
- Rutekutt
- Ansvar for posisjonskøyning er flytta over på transportør
- Undertransportør er operatør sitt ansvar
- Administrasjon
 - Fylkeskommunen tek seg av ruteplanlegginga, marknadsføring, billettsystem, rutekunngjering, rutebilstasjonar, dialog med skulane og kommunane.

Oppbygging av rutekjøpet

- Langsiktig
 - 8 års avtalar med 2 års opsjon
- Redusert risiko for operatør
 - Fylkeskommunen har teke over inntektsansvaret
 - Reguleringar av kostnadskomponentar ut frå SSB sine indeksar.

Marknad

- Marknadssituasjonen er med å definere prisnivået
 - Tidspunkt for utlysing i forhold til andre anbod
 - Tidspunkt i forhold til avtale-portefølje for dei ulike selskapa.

Når vi skal vurdere innsparingar knytt til bussanboda, er det naturleg å skilje ut kva som er varige innsparingar, og kva som er å rekne som periodiske svingingar, t.d. oljepris. Vidare må ha oversikt over på kostnader som vi får som følgje av anbod, t.d. leige av rutebilstasjonar og auka behov for bemanning i sentraladministrasjonen.

Trekkjer vi ut faktorar som ikkje er varige (t.d. oljepris), vedtekne innsparingstiltak (t.d. rutekutt og kommersialisering), flytting av kostnader (t.d. terminalar og administrasjon), har vi fått varige kostnadsreduksjonar. Det skal nemnast at det er vanskelig å fastsetje verdien av alle faktorane slik at det er gjort ei vurdering utifrå beste skjønn.

Bussanbod Sunnfjord frå juni 2016

Varige kostnadsreduksjonar i bussanbod Sunnfjord er berekna til 6 mill. kr. pr. år.

Bussanbod Sogn frå juni 2017

Varige kostnadsreduksjonar i bussanbod Sogn er berekna til 3 mill. kr. pr. år. For 2017 har dette ein halvårseffekt på 1,5 mill. kr.

Ungdomskort

Administrasjon av ungdomskort har som følgje av elektronisk billettering vorte mykje rimelegare. I 2014 vart godtgjersla redusert med 1 mill. kr. I samband med innføring av anbod, er kostnaden ytterlegare redusert med 1 mill. kr. slik at samla innsparing er på 2 mill. kr.